



Årsmøteprotokoll

Langhuset restaurant 23.01.2026

Kl. 18.00 – 20.10

Oppmøte: 62 røysteføre og 4 gjestar.

Før årsmøtet starta heldt leiar ein kort velkomsttale. Tre av gjestene heldt korte helsingstalar: Terje Skeie Mjøs frå Fagforbundet Vestland, Marit Måkestad frå Ullensvang Arbeiderpartiet og Lisa Karine Haugland frå Raudt Ullensvang.

Saksliste:

1. Godkjenning av kunngjering, innkalling og forretningsorden.
2. Konstituera møteleiar, referent, 2 protokollunderskrivarar og teljekorps.
3. Årsberetning
4. Rekneskap
5. Innkomne forslag
6. Handlingsplan
7. Budsjett
8. Val

Sak 1: Godkjenningar

Leiar opna årsmøtet og la fram forslag på vegne av styret til sak 1 og 2.

Vedtak: Kunngjering, innkalling og saklista vart samrøystes godkjend med fylgjande endring (forslag 1.2.1 frå styret):

Forslag 5.2 frå Jorunn Augestad blir handsama av årsmøtet før sak 4.5 Rekneskap.

Sak 2: Konstituera

Vedtak:

Møteleiar: Terje Skeie Mjøs, Fagforbundet Vestland

Møteskrivar: Terje Kollbotn

2 protokollunderskrivarar: Robin Fauskanger Molven og Judie Ann Sorolla

Val teljekorps: Siv Digrebekke, Kjellaug Ystanes Kvandal, Turid Meland Lutro og Anne Kari Rasmussen.

Alle vedtaka var samrøystes.

Ordstyrar viste til framlegg til forretningsorden i dei utsendte årsmøtedokument. Denne vart samrøystes godkjend. Det var 62 røysteføre ved møtestart.

Sak 3: Årsberetning

Vedtak:

Styret si årsberetning for 2025

vart samrøystes godkjend utan merknader.

Sak 4: Rekneskap

Vedtak:

1. Rekneskap og revisjon tas til vitande (4.1 til 4.4).
2. Det settast av inntil kr. 40 000 av overskotet frå 2025 til båt for Kjellesvik, resten blir tilbakeført til vidare drift av fagforeininga.

Styret si innstilling vart samrøystes vedtatt utan merknader.

Sak 5: Innkomne forslag

Forslag 5.1 frå styret vart lagt fram av leiar. Ingen ba om ordet.

Vedtak: Styret si innstilling vart samrøystes vedtatt.



Forslag 5.2 frå Jorunn Augestad vart lagt fram av forslagsstillar.

Leiar la fram styret si tilråding om ikkje å vedta forslaget.

Forslag 5.2 fekk 25 røyster. Styret si tilråding fekk 28 røyster. Resten var avhaldande.

Vedtak: Forslag 5.2 vart ikkje vedtatt.

Sak 6: Handlingsplan

Terje Kollbotn la fram skriftleg fylgjande tilleggsforslag til kapittel 3, nytt kulepunkt under avsnittet «Fagforeininga sine mål»:

Fagforeininga har som mål å medverke til auka tilflytting, rekruttering og ein god bustadpolitikk for å sikre nok folk fast tilsette i alle ledige jobbar i offentleg og privat sektor i Indre Hardanger

Vedtak:

Styret sitt forslag til handlingsplan med Terje Kollbotn sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedtatt.

Sak 7: Budsjett

Leiar la fram forslag til budsjett utifrå vedlegg 7.1-7.10. Ingen kommentarar.

Dagfrid Nilsen la fram valnemnda sitt framlegg 7.11 om godtgjersle og stipend for 2026.

Stine Reime la fram munnleg forslag om at det og skulle setjast av kr. 5000 til

Ungdomsrepresentant, Seksjonsleiarar, Styremedlemar (inkl. styremedlemar i Kjellesvik og Pensjonist- og uførerepresentant, i tillegg til møte- og aktivitetsgodtgjersle.

Forslaget vart ikkje fremma skriftleg, slik forretningsorden krev i pkt. 5. Årsmøtet avviste difor å realitetshandsame dette forslaget.

Vedtak:

Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget frå valnemnda.

Sak 8: Val

Dagfrid Nilsen la fram valnemnda si innstilling, samt styret si innstilling til valnemnd.

Vedtak:

Alle val vart samrøystes.

Valnemnda hadde fremma to tilleggsframlegg:

1. Styret får mandat til å utnemne representantar med vara til fylgjande organ: Styret i Kraftmuseet og 1.mai-komiteen i LO i Indre Hardanger.
2. Styret får i mandat å vedta suppleringsordning som er nødvendige i løpet av året.

Vedtak:

Valnemnda sine to tilleggsframlegg vart samrøystes vedtatt.

Odda 28.01.2026

Terje Kollbotn

Robin F. Molven

Robin Fauskanger Molven

Die Ann Sorolla

Judie Ann Sorolla

Signature:

Email: terje.kollbotn@gmail.com

Signature: 

[Robin Fauskanger Molven \(Jan 29, 2026 10:04:08 GMT+1\)](#)

Email: robin.f.molven@gmail.com

Signature: 
[Judie Ann C. Sorola \(Jan 28, 2026 20:19:35 GMT+1\)](#)

Email: judielink15@icloud.com